

Saksbehandlar: Lisbeth Bringebøen
Avdeling: Næringsavdelinga
Sak nr.: 14/518-1

Regionale utviklingsmidlar 2014 - Fordeling I

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Framtidsfylket AS får kr 75 000 til karrieremesse i Oslo i 2014.
- 2 Kystskogbruket får kr 70 000 til infrastrukturprogrammet.
- 3 Måløy Havfiskefestival får avslag på tilskot om støtte.
- 4 Tilskota vert dekkja med disponible midlar frå tidlegare år.

Vedlegg:

Søknad frå Framtidsfylket til karrieremesse i Oslo
Prosjektsøknad utviklingsmidlar Sogn og Fjordane fylkeskommune – kystskogbruket
Infrastrukturprogrammet notat kystskogbruket
Infrastrukturprogram i kystskogbruket
Måløy Havfiskefestival – Korrigert budsjett

SAKSFRAMSTILLING

1. SAMANDRAG

Saka gjeld tildelingar av midlar frå plan og næring sitt budsjett til regional utvikling. I denne saka vert søknader og løyvingar til fylgjande tiltak handsama:

- Søknad frå Framtidsfylket til karrieremesse i Oslo
- Søknad frå Kystskogbruket til infrastrukturprogrammet
- Søknad frå Måløy Havfiskefestival til havfiskefestival

2. SØKNAD OM STØTTE TIL KARRIEREMESSE I OSLO I 2014

(Sakshandsamar: Lisbeth Bringebøen, NA)

2.1 Bakgrunn

Framtidsfylket AS søker om kr 75 000 i støtte til karrieremesse i Oslo.

Historikk

Framtidsfylket har også søkt om støtte til messe i Trondheim og Bergen i 2014. Denne vart handsama av HPN den 26.11.13 i sak 85/13, og messene vart støtta med kr 150 000. Det vart i denne søknaden signalisert at Framtidsfylket ikkje ville halde messe i Oslo i 2014. Eigen søknad om messe i Sogndal er varsla.

I 7 år har det vore fylkesdekkjande næringslivsmesser i studiebyane Trondheim, Oslo, Bergen og Sogndal. Fylkeskommunen har støtta messene slik:

2014: Messe i Bergen og Trondheim kr 150 000 og workshop knytt til messa i Bergen, kr 17 350.

2013: Bergen, Oslo, Sogndal: Kr 65 000 i Bergen, kr 150 000 til messe i Oslo, kr 65 000 til messe i Sogndal.


2012: Bergen og Trondheim: 115 000, Sogndal: 65 000

2011: Bergen, Oslo, Trondheim: 150 000. Sogndal: 75 000

2010: Bergen, Trondheim, Oslo: 125 000.

2.2 Nærare omtale

Sogn og Fjordane har i fleire år organisert egne fylkesdekkande næringslivsmesser i studiebyane Trondheim, Oslo og Bergen i tillegg til messe i eiga fylke knytt til høgskulen. Responsen har vore bra og evalueringane tyder på at messene er innarbeidde som ein viktig møteplass for nyutdanna studentar og næringslivet i fylket. Størst er messa i Bergen med jamt over 500 gjester, og om lag 50 bedriftsstands. I Oslo har det ikkje vore like mange besøkjande jf, figur under.



NB! Under Åtgaum 5. mai 2013 i Oslo var det heile 10 – 15 000 besøkjande. Det påverka truleg besøkstalet på karrieremessa dagen etter.

Evaluering har vore utført årleg, og både bedrifter og deltakarar melder om at messene er viktige møtepunkt. Fleire verksemdar rapporterer om tilsetningar som følgje av kontakt etablert på messene, og samstundes fortel evalueringa at gjestane har fått auka kunnskap om mangfaldet i jobbmarknaden. Konkrete resultat i høve omdømebygging for fylket er vanskeleg å måle, men at desse messene bidrar positivt til profilering av fylket vårt, er det ikkje tvil om.

Budsjett for karrieremessa i Oslo 2014

KOSTNADAR:	(Sub)total u moms	Mer detaljert kjøp
Marknadsføring	74 000	Annonsering, reklamemateriell, studentkontakter, portalen, registrering
Program i plenum	127 000	kulturinnslag, ekstra teknikk, motivasjonstredrag
Arrangement	62 000	Lokalleige, mat, drikke, teknikk, namneskilt med mer
Administrative utgifter, lønn, tlf, reise	60 000	Basert på 250 gjester og 50 standhaldarar
		Prosjektleder og -medarbeidar, reise, uforutsett osv.
TOTALE KOSTNADER	323 000	

FINANSIERING:		
Egenandel for bedriftene/stands	248 000	standavgift
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	75 000	søknad
TOTAL FINANSIERING	323 000	


2.3 Vurdering

Karrieremessene er ein del av den etablerte satsinga på rekruttering til Sogn og Fjordane. Dette er haldningsskapande arbeid som krev tolmod, profesjonalitet og kontinuitet. Framtidsfylket gjer ein god jobb med karrieremessene, og messene har utvikla seg til å verte ein inspirerande møtestad som næringslivet og potensielle arbeidstakarar deltek på.

Støtta frå fylkeskommunen utgjer liten del av total finansieringspakke, men støtta frå fylkeskommunen er likevel viktig for at dei fylkesdekkande karrieremessene vert gjennomført på ein god måte, utan at det vert for kostnadskrevjande for bedriftene å stille med stand.

Karrieremessene har utvikla seg til eit godt konsept, samtidig som det er ein ny vri kvart år. Dermed er karrieremessene like spanande og nye år etter år, og ein møteplass næringa og potensielle tilflyttarar likar å treffast på.

Fylkeskommunen har tidlegare uttalt at modellen med å ha karrieremesse annakvart år i Trondheim og Oslo synest som ei fornuftig løysing, både økonomisk og tidsmessig. Med messe alle fire stader i 2014 vert støttesummen frå fylkeskommunen historisk høg.



Tal for 2014 tek utgangspunkt i at forventta søknad frå Høgskulen i Sogn og Fjordane har lik sum som føregåande år, kr 65 000.

Det er svært uheldig at messene i større og større grad vert avhengig av offentleg prosjektstøtte for å kunne gjennomførast.

I tillegg til å arrangere karrieremesser jobbar Framtidsfylket med internettsida www.framtidsfylket.no og har ansvar for den regionale traineeordninga Framtidsfylket Trainee. Det bør arbeidast for at karrieremessene på lik linje med internettsida og traineeordninga går inn i det faste budsjettet til Framtidsfylket AS, og ikkje vert avhengig av offentleg prosjektstøtte kvart år.

2.4 Tiltråding

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for plan og næring til å støtte framtidsfylket med kr 75 000 til messa i Oslo. Tilskotet vert dekkja med disponible midlar frå tidlegare år.

3. SØKNAD OM MEDFINANSIERING AV INFRASTRUKTURPROGRAMMET I KYSTSKOGBRUKET

(Sakshandsamar: Jan Ivar Rise, NA)

3.1 Bakgrunn

Dagens infrastruktur langs kysten, både den offentlige og i skogen, vil ikkje kunne handtere dei store skogressursane frå kulturskogane som blir hogstmogen dei næraste 10-åra. Ei klimatilpassa utbygging av terminalar for sjøtransport, auka utbygging av tilhøyrande skogsvegnett, og ei forbetring av det offentlige vegnettet (spesielt flaskehalsane), er difor heilt nødvendig for å ivareta

desse ressursane. Ei slik infrastruktursatsing vil i tillegg ha stor betydning for mange samfunnssektorar, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Desse heilskaplege verdiane må vektleggast i prioritering av tiltak

3.2 Nærare omtale

Eit infrastrukturprogram skal bidra til å skaffe fram nødvendig informasjon for å skissere eit utbyggingsprogram som gjev best samfunnsøkonomisk effekt, og samstundes tek i vare ressursutnyttinga på beste måte. Programmet skal ta utgangspunkt i lokalisering av tømmerkaier slik det går fram i Kai-rapporten (SINTEF 2011) og byggje på informasjon om skogressursane, eksisterande og planlagde skogsbilvegar, offentlig vegnett, eventuelt ei nasjonal transportanalyse. Analyser av dette skal gje grunnlag for lønsemdsvurdering og kartlegging av utbyggingsbehovet. Skrankar i form av flaskehalsar på det offentlige vegnettet vil inngå i meir overordna analysemodellar som vil danne grunnlag for prioriteringar.

Ein modell som tek ei heilskapleg vurdering av skoginfrastrukturen og den tilhøyrande verdikjeda er nødvendig for å kunne sjå alle vedtak i samanheng. Ein tømmerterminal som ikkje får den nødvendige flyten av tømmer til å drive effektivt dei første åra etter bygging, kunne med fordel ha vore utsett nokre år. Tilsvarende vil investering i skogsvegar kunne haldast igjen i tid i område der det er behov for flaskehalsutbetringar og/eller ny tømmerterminal for å sikre lønnsam drift. For å ivareta moglegheiter til å treffe tiltak over tid og for å ta fullt omsyn til koplingar mellom vedtak og effektar, er det formålstenleg nettopp å modellere tida eksplisitt. Dette gjev rom for betre analyser med konsistens i prioriteringane. Ei slik fleir-periodisk tilnærming vil ivareta utviklingsløpet på ein god måte. Ei slik tilnærming vil krevje meir grunnlagsinformasjon enn det som vart brukt i Kai-rapporten, spesielt når det gjeld data knytt til skogsvegar, tilgjengelig hogstvolum og flaskehalsar på det offentlige vegnettet.

Budsjett

Tabellen under viser kostnadane forsøkt brote ned på dei ulike arbeidspakkane.

Arb. pakke	Alle	Ansvarleg	Andre	Timar	Kostnad	Eigeninnsats
1	Skogressursar og skogsvegar	S&L		645	967 500	200 000
2	Flaskehalsar	SINTEF	S&L	310	627 500	150 000
3	Rammevilkår	SINTEF	S&L, Skogkurs	170	285 000	0
4	Modellering og analyser	SINTEF	S&L	1025	1 956 250	413 250
5	Kompetanse	Skogkurs	Bygdeforskning	270	273 750	16 750
	Prosjektleiing	Skogkurs	S&L, SINTEF	310	440 000	20 000
	Oppdragsgjevar	Allskog SA og Skog	Næringa Kyst		250 000	0
	T Totalt	Alle		2 730	4 800 000	800 000

Figur 1. Kostnader fordelt på arbeidspakker

Finansiering

Behov for finansiering er på til saman kr 3 200 000. Finansieringa er søkt løyst som synt i tabellen nedanfor.

Aktørar	Beløp
Fylkeskommunane i Finnmark, Troms, Nordland, Nord- Trøndelag, Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Vest-Agder	700 000
Skogtiltaksfondet	700 000
Utviklingsfondet	200 000

Innovasjon Norge	600 000
Transnova	500 000
Kystskogmidlar, Vert søkt Fylkesmennene i kystfylka	500 000
SUM *	3 200 000

Figur 2. Finansiering

*) Det er føresett momsrefusjon med kr 800 000,-.

3.3 Vurdering

Arbeidet i Kystskogbruket gjev gode resultat for skognæringa i Sogn og Fjordane. Kystskogbruket skal ha mykje av æra for nødvendige ekstramidlar både til Dagmar-opprydding og infrastrukturmidlar. Skognæringa i Sogn og Fjordane har eit stort potensiale med mykje hogstmogen skog. Men uttak av skogen krev ekstra satsing på dokumentasjon av behovet for infrastruktur. Infrastrukturprogrammet er derfor viktig for Sogn og Fjordane å få sett i verk.

3.4 Tilråding

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for plan og næring til å støtte Infrastrukturprogrammet i Kystskogbruket med kr 70 000. Løyvinga vert dekkja av disponible midlar frå tidlegare år.

4. SØKNAD OM STØTTE TIL Å UTVIKLE INTERNASJONAL FISKEFESTIVAL

(Sakshandsamar: Atle Reidar Sandnes, NA)

4.1 Bakgrunn

Måløy havfiske festival søker om kr 100 000 til å gjennomføre Fisketurisme i Nordfjord og utvikle internasjonal fiskefestival.

Historikk

Hovudutval for plan og næring handsama søknad frå Nordfjord Havfiskefestival i sak 33/12 punkt 9, jf søknad om eit tilskot på kr 200 000. Søknaden vart spesielt vurdert opp mot satsingane på reiseliv og marin næringsutvikling. Konklusjonen etter vurderinga den gongen var at denne festivalen ikkje var innan for satsingsområda til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Vedtak frå HPN vart å gje avslag på søknaden om økonomisk tilskot.

Hovudutval for plan og næring handsama i sak 85/13 punkt 5 søknad frå Måløy Havfiskefestival om økonomisk tilskot på kr 200 000. Vedtaket frå dette hovudutvalsmøtet 26.11.2013, vart å gje avslag på søknaden om økonomisk tilskot. I saksutgreiinga frå dette møtet heiter det: «Vår vurdering av den noverande søknaden er gjort med bakgrunn av at dette er ein festival som er i ferd med å bli etablert. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere ein tiltretteleggjar, der ein støttar tiltak som er i ein førebuande fase. Dette er eit tiltak som er komme i ein driftsfase og difor utan for det som ligg i kriteria for kva fylkeskommunen skal støtte»

4.2 Nærare omtale

Måløy Havfiskefestival AS blei etablert etter eit forprosjekt i 2011 av VAKN/Måløy Vekst. Der planer blei laga for å kunne etablere en årlig fiskefestival i Måløy. MHFAS er et «ideelt» aksjeselskap der overskot skal nyttast til kystkulturelle formål og hovudmålet er å arrangere havfiskefestival. Festivalen blei første gong gjennomført september 2012. Basert på erfaring frå 2012 blei festivalen framskunda til august 2013 og gjennomført med stor suksess. Festivalen 2013 blei den største festivalen i Norges Cupen til Norges Havfiskeforbund og ein stor suksess når det galdt publikum. Planane er no lagt for ytterligare vekst i 2014, der ein vil doble talet festivaldeltakarar.

Budsjett/ Finansiering

<i>Aktivitet</i>	<i>Inntekt</i>	<i>Utgift</i>
Markedsføring/reiser		100.000
Torghandel 15X1000	15.000	
Torgtelt fredag Alkoholfritt ungdoms arrangement		40 000
Torgtelt (lørdag) underholdning/lyd og lys	240.000	200.000
Bankett - premieseremonier		20.000
Utstillinger – Gateunderholdning		30.000
<u>Barneaktiviteter</u>		20.000
Matpresentasjon – servering		30.000
Fiskekonkurranser		30.000
Tilskudd NHFK		40.000
Utgifter vakthold/sikkerhet		55.000
Tilskot Sogn og Fjordane Fylkeskommune	100.000	
Egenkapital	105.000	
Sponsorinntekter	400.000	
Leie av båter		100.000
Overskudd/reserve		55.000
Total	720.000	720.000

4.3 Vurdering

Vi kan ikkje sjå at det er noko i denne søknaden som skulle tilseie at ein skulle endre syn og tilrå eit tilskot.

4.4 Tiltråding

Fylkesdirektøren for næring rår til at Måløy Havfiskefestival får avslag på søknaden om økonomisk støtte.

5. Tiltrådingane frå fylkesdirektøren for næring til hovudutvalet for plan og næring

Framtidsfylket AS får kr 75 000 til karrieremesse i Oslo i 2014.

Kystskogbruket får kr 70 000 til infrastrukturprogrammet.

Måløy Havfiskefestival får avslag på tilskot om støtte.

Tilskota vert dekkja med disponible midlar frå tidlegare år.